



Dagfinn Hvidsten
Storneset 52
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/685 - 17/29655

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no



Dato:
18.10.2017

Vedkomande utføring av klypp av hekk langs kommunal veg, Storneset

Teknisk drift syner til vårt brev (datert 29.09.2017) vedkomande klypp av hekk langs kommunal veg ved Dykkar eigedom. Vi har registrert at det er utført arbeid på hekk. Arbeidet som er utført er diverre ikkje tilstrekkeleg. Hekken er framleis i siktsone til eigen avkjørsle.

Siktsone til eigen avkjørsle går langs heile eigedomsgrensa. I denne siktsone kan ikkje hekk være høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Hekk er plassert i kommunal veggrøft og det er viktig at hekk vert klypt slik at den ikkje heng ut over asfalten i kommunevegen.

Som eigar av avkjørsle har De ansvar for at krav til sikt vert stetta. Vi ber om at hekk vert klypt ned slik at den ikkje tek sikt i avkjørsle og langs kommunevegen. Slik hekken er nå, utgjer den ei fare for dei som ferdast i og langs veggen.



Vi gjer merksam på at det i kommunal veggrøft ligg kommunalt leidningsnett. Røtene til hekk kan påføre dette leidningsnett skader dersom røtene vert for store.

Pålegg om klypp av hekk

Teknisk drift gir med dette pålegg om klypp av hekk ved Storneset 52. Frist for utføring av arbeid vert sett til onsdag 15.11.2017. Dersom hekk ikkje er klypt ned slik at krav til sikt i avkjørsle vert stetta, kan kommunen få utført arbeid for Dykkar rekning.



Det er med heimel i veglova § 40 og 43, forskrift av 1964, samt vegnormal N100 at vegmynde sett krav til sikt i avkjørlser frå offentleg veg. Eigar av avkjørsle er ansvarleg for at siktsona, til ein kvar tid, vert halde vedlike.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anja Alice Solsvik Hvidsten

Storneset 52

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Dagfinn Hvidsten

Storneset 52

5915

HJELMÅS